



H Sandvik AS
Galteråsen 4
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1587 - 19/13119

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:
14.06.2019

Godkjenning - GBNR 9/210 - Løyve til oppføring av mur - Hjertås

Administrativt vedtak. Saknr: 139/2019

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve i eitt trinn for oppføring av mur på gbnr. 9/210 i Meland kommune.

Muren er søkt med ei høgd på inntil 2,0 meter, samt eit rekkverk med ei høgd på 0,9 meter. Muren er omsøkt plassert 3,0 meter frå nabogrensa mot gbnr. 9/19, 1,8 meter frå murkant mot veg i sør og 1,5 meter frå nabogrense i nord gbnr. 9/18.

Det vert elles vist til søknad motteken 09.04.2019, supplert med opplysningar 06.05.2019, 24.05.2019 og 11.06.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved e-post av 06.05.2019. Siste etterspurt dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 13.06.2019. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden. Fristen er 05.07.2019.

VURDERING:

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Lov- og plangrunnlag

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Oppføring av konstruksjon i form av mur er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav a). Storleik på muren, samt plassering, inneber at tiltaket er søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl §§ 20-3, jf. 20-2.

Den omsøkte eigedomen er satt av til eksisterande bustader i Reguleringsplan for Mongsedalen/Mjukebakkane, planid: 125620010502. Oppføring av mur er dermed i samsvar med gjeldande arealformål.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan journalført 09.04.2019.

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne eit byggverk si plassering, og at byggverk skal ha 4 meters avstand til nabogrense, jf. andre ledd. For varige konstruksjonar gjeld føresegna så langt den passar, jf. pbl § 30-4 første ledd. Ettersom omsynet til branntryggleik, lys og luft kan få betydning ved oppføring av ein mur med gjerde, gjer avstandskravet i pbl § 29-4 første ledd seg gjeldande i denne saka.

Ansvarleg søkjar har opplyst om, og vist på situasjonsplan, at minsteavstand til nabogrenser er følgjande:

- Frå murkant til nabogrensa mot gbnr. 9/19 er det 3,0 meter. Eigar av gbnr. 9/19 har i dokument datert 12.03.2019 samtykka til at tiltaket kan plasserast 3,0 meter frå nabogrensa.
- Frå murkant til nabogrensa mot gbnr. 9/18 er det 0 meter. Eigar av gbnr. 9/18 har i dokument datert 07.06.2019 samtykka til at tiltaket kan plasserast 0 meter frå nabogrensa.
- Frå murkant mot veg i sør er det 1,8 meter og mot veg i nord er det 1,5 meter. Eigar av gbnr. 9/18 har i dokument datert 07.06.2019 samtykka til at tiltaket kan plasserast som omsøkt. I tillegg har kontaktperson for veglaget (Mjukabakkane Velforening & Eigarlag) v/Baste Tveito, i dokument datert 15.05.2019 samtykka til omsøkt plassering.

Etter dette kan kommunen godkjenner omsøkt plassering, jf. pbl §§ 29-4 tredje ledd bokstav a), jf. andre ledd, jf. første ledd.

Tiltakshavar må sjå til at frisikt vert haldt og at muren ikkje kjem i konflikt med leidningar. I tillegg må avstand mellom mur og vegkant vere tilfredsstillande i forhold til vedlikehald og brøyting av vegen.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl § 29-5.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka dette aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsbanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Vestland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Ansvarsrett

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 09.04.2019. Ansvarleg i byggesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1, og skal sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav a) løyve til oppføring av mur som omsøkt. Plassering av muren skal vere som vist på vedlagte situasjonsplan, og muren skal utførast i samsvar med vedlagte teikningar, journalført motteke 09.04.2019.

Tiltakshavar må sjå til at frisikt vert haldt og at muren ikkje kjem i konflikt med leidningar. I tillegg må avstand mellom mur og vegkant vere tilfredsstillande i forhold til vedlikehald og brøyting av vegen.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje vert sett i gong innan tre år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.

Ansvar i saka gjeld i samsvar med innsendte erklæringar.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas

søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Hanne Marie Evensen
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart
Situasjonskart

Kopi til:

Trond-Even Mørner

Mjukebakkane 2 A 5918

FREKHAUG

Mottakarar:

H Sandvik AS

Galteråsen 4 5916

ISDALSTØ